



**- Eg skal på næringslivsseminaret, fordi Frank Aarebrot kjem dit!**

**Denne ytringa fanga uskedalen.no opp her om dagen og mange seier det same. Det er ikkje tvil om at professoren vert trekplaster nummer ein under seminaret som startar fredag ettermiddag klokka 14. På 3 timar skal deltakarane oppleve ein møteplass som set søkeljoset på korleis ein kan skapa ein positiv utvikling av regionen på tvers av koimmunegrensene. Bedriftene set dagsorden sjølve og legg fram sine tankar og idear. Legenden Frank Aarebrot skal summera opp og trekkja konklusjonen til slutt. Bjørn Olav Tveit har som andre store forventningar til professoren.**

Tveit seier det slik: - Vi sit nok inne med ein del etablerte haldningar om oss sjølve som han kan snu opp ned på. Vi har godt av innspel frå nokon andre som ser oss utanfrå og som kjenner regionen godt.

Alle som har hørt Frank veit kva han står for og vi har opplevd han også i vår kommune. Mange vil til dømes minnes han frå den gongan for 5 år sidan då han samla fullt hus på Dahlheim i Omvikdalen. Då var han ikkje mindre enn eit fyrverkeri!

Det er ikkje anna å seie enn at vi gler oss!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen